

# Ivar Aasen og normgrunnlaget for landsmålet

Sverre Stausland Johnsen  
Universitetet i Oslo  
[stausland.johnsen@iln.uio.no](mailto:stausland.johnsen@iln.uio.no)

Møte om norsk språk 15  
Universitetet i Oslo  
22. november 2013

# Vegkart

- 1 Ivar Aasen og landsmålet.
- 2 Kva meiner 'folk flest' om landsmålet og vestlandske målføre?
- 3 Kva meiner lærebökene om landsmålet og vestlandske målføre?
- 4 Kva skreiv Aasen sjølv om landsmålet og vestlandske målføre?
- 5 Konklusjon:
  - Det Aasen skreiv samsvarar ikkje med lærebökene.
  - Det samsvarar betre med det 'folk flest' meiner.
- 6 Kvifor samsvarar ikkje lærebökene med Aasen?
- 7 Oppsummering.

- Ivar Aasen var den første som utarbeidde ei fast og full norm for norsk grammatikk, norsk ortografi og norsk ordtilfang.
- All normering av norsk språk sidan Aasen har difor teke utgangspunkt i norma hans.
- “*Ivar Aasen* er den mest sentrale og innverknadsrike enkeltpersonen i moderne norsk språkhistorie. Han [sette] hovudpremissane for all vidare språknormering, språkrøkt og språkstrid i Noreg fram til i dag” (Torp & Vikør 2003:146).
- Kva prinsipp bygde Aasen landsmålsnorma på?

# Landsmål og vestlandske målføre

Ytringar frå ‘folkedjupet’:

- “Nynorsk bygger på de vestnorske dialektene i forrige århundre” (VG debatt).
- “Nynorsk er et konstruert skriftspråk hovedsaklig basert på vestnorske dialekter siden Ivar Åsen nå engang kom derfra” (VG debatt).
- “Nynorsk byggjer vel hovudsakeleg på dialektar frå Vestlandet og Midt-Noreg” (VG debatt).

# Har 'folket' rett?

- Det er ei utbreidd oppfatning at Aasen hadde eit prinsipp om at landsmålet først og fremst skulle ta utgangspunkt i vestlandske målføre.
- Men dette prinsippet vert oftast ikkje nemnt i lærebøkene på skulen og universitetet.
- Kva er rett? Hadde Aasen dette prinsippet, eller er det ei misoppfatning?

# Kva skriv lærebøkene?

Eg har sett i alle lærebøker for vidaregåande skule og høgre utdanning utgjevne etter 2000.

- Lærebøker for vidaregåande skule:

Aschehoug: *Grip teksten* – 2007–2013

Gyldendal: *Panorama* – 2007–2009

Fagbokforlaget: *Tema* – 2007–2008

Cappelen: *Spenn* – 2006–2008

- Lærebøker for høgre utdanning:

Nesse: *Innføring i norsk språkhistorie* – 2013

Otnes & Aamotsbakken: *Tekst i tid og rom* – 2012

Torp & Vikør: *Hovuddrag i norsk språkhistorie* – 2003

Almenningen m. fl.: *Språk og samfunn gjennom tusen år* – 2002

# Kva skreiv Aasen sjølv?

- Aasen freista seg fyrste gongen med ei landsmålsnorm i 1853, med *Prøver af Landsmaalet i Norge*.
- Han eksperimenterte med denne norma i fleire litterære verk, som t.d.
  - Skodespelet *Ervingen* – 1855
  - Samlinga *Norske Ordsprog* – 1856
  - Omsetjinga *Fridtjofs Saga* – 1858
  - Diktsamlinga *Symra* – 1863
- “den endelege utforminga [...] fekk den nye skriftnormalen først i *Norsk Grammatik* (1864) og *Norsk Ordbog* (1873)” (Torp & Vikør s. 123).
- Mest sentralt er det difor kva Aasen skreiv om normgrunnlaget sitt i *Norsk Grammatik* og *Norsk Ordbog*.

# Vestlandske målføre i landsmålet

## Gyldendal – Panorama:

- “Ivar Aasen [ville ikke] ta utgangspunkt i én spesiell eller noen av de «fornemste» dialektene, men i *mange* av dialektene rundt omkring i landet”.
- “Aasen utviklet tanken om at det norske skriftspråket burde bygge på *flertallet* av de norske dialektene” (Vg2 s. 164).

## Konklusjon:

- Aasen tok ikkje utgangspunkt i vestlandske målføre.
- Landsmålet bygde på dei fleste målføra.

# Vestlandske målføre i landsmålet

## Cappelen – Spenn:

- “han [ville] ikkje ta utgangspunkt i éin «god» eller «ubedervet» dialekt og byggje ut den til eit moderne språk. Aasen ville finne samnemnaren for flest mogleg ulike dialektar ut frå ein demokratisk tankegang”.
- “Landsmålet var ein rekonstruksjon ut frå dei restane han fann av gammalnorsk i dialektane [...]. Landsmålet ligg derfor nærmare opp til dialektane i dei områda der det hadde vore liten påverknad frå embetsspråket, det vil seie dei vestnorske dialektane” (Vg3 s. 234).

## Konklusjon:

- Aasen tok ikkje utgangspunkt i vestlandske målføre.
- Landsmålet kom til å liggja nærare vestlandske målføre av di dei hadde fleire restar av gammalnorsk (?)
- Det ‘vestlandske draget’ i landsmålet er dimed ein utilsikta konsekvens av eit anna normprinsipp Aasen hadde.

# Vestlandske målføre i landsmålet

Torp & Vikør – Hovuddrag i norsk språkhistorie:

- “Aasen meinte at alle bygdedialektane utanfor Søraustlandet skulle vere normgrunnlaget for nasjonalspråket” (s. 107).
- “Han sa sjølv at landsmålet kom til [å] liggje nærast «det Hardangerske, Vossiske og Sognske» – fordi han der fann flest «fuldkomne» former. Men dette gir ikkje eit heilt rett bilet av metoden hans. Det er heilt klart at *alle* målføra var med i det grunnlagsmaterialet han bygde normalen på” (s. 153).

Konklusjon:

- Aasen tok ikkje utgangspunkt i vestlandske målføre.
- Landsmålet ‘kom til å liggja nærast’ vestlandske målføre av andre grunnar.
- Landsmålet bygde på alle målføra.

# Vestlandske målføre i landsmålet

Almenningen m. fl. – Språk og samfunn gjennom tusen år:

- “Da var det ei hovudsak for han at dette normalmålet skulle ha eit moderne bøyingsverk [...] og at dialektar frå heile landet skulle ha sin del i det” (s. 72).
- “Dei retningslinene Aasen følgde, gjorde at landsmålet fekk mange drag frå målføra på Vestlandet og i fjellbygdene” (s. 74).

Konklusjon:

- Aasen tok ikkje utgangspunkt i vestlandske målføre.
- Det ‘vestlandske draget’ i landsmålet var ein uilsikta konsekvens av andre normprinsipp som Aasen hadde.

# Vestlandske målføre i landsmålet – Oppsummering

- Lærebøkene er tydelege på at Aasen ikkje tok utgangspunkt i dei vestlandske målføra.
- Det at landsmålet like fullt hadde eit ‘vestlandsk drag’ var berre ein utilsikta konsekvens av andre prinsipp Aasen hadde for norma si.
- Men kva skreiv Aasen sjølv?

# Vestlandske målføre i landsmålet – Ivar Aasen

## Prøver af Landsmaalet i Norge (1853):

- “i dette Tilfælde behøver man dog et Grundlag, og dette burde ikke tages efter et Slumpetræf af den første Dialekt, som man tilfældigviis var blevet bekjendt med. Hellere burde der da gjøres en Sammenligning og et Udvalg af det bedste; og isaafald troer jeg, at især det Hardangerske, Vossiske og Sognske vilde komme i en fortrinlig Betragtning. Ved at tage disse Maal for sig og tildeels læmpe dem lidt efter de øvrige Bygdemaal, især ved at optage en og anden fuldkommere Form og derimod udelade enkelte overflødige Former, kunde man vistnok anlægge en ganske bekvem Sprogform [...]” (s. iv).

# Vestlandske målføre i landsmålet – Ivar Aasen

Norsk Grammatik (1864):

- “Den Udtale, som er almindeligst i den sydvestlige Deel af Landet og især i Bergens Stift og de nærmeste Fjeldbygder østenfor, synes her at have de fleste Fortrin og at komme temmelig nær til den Mønsterform, som man kan slutte sig til af Skrivemaaden i det gamle Sprog. [...] denne Udtale opstilles som Mønster [...] i den følgende Fremstilling [...]” (s. 5).

# Vestlandske målføre i landsmålet – Ivar Aasen

- “Dersom her nu var en enkelt Dialekt, som omfattede alle de fuldkomneste Former og nærmede sig mere end alle andre til det gamle Sprog, da vilde det være bekvemst at tage denne til Middelform eller Mønster til skriftlig Dyrkning. Nu findes her rigtignok enkelte Dialekter, som have store Fortrin i mange Punkter (saasom Hardangersk og Sognsk); men selv disse have dog en eller anden Mangel, som kunde udfyldes efter en anden Dialekt [...]. Det raadeligste var altsaa ikke at holde sig strengt til en eneste Dialekt, men kun at tage en eller to af de fortrinligste til Grundlag og forøvrigt udfylde Formerne fra andre Kanter, saavidt som dette syntes nødvendigt” (s. 359–360).

# Vestlandske målføre i landsmålet – Ivar Aasen

- Aasen skriv med andre ord at det “raadeligste” er å “tage en eller to af de fortrinligste [Dialekter] til Grundlag”.
- Han meinte at desse målføra var vestlandsmålføra (“Hardangersk og Sognsk”).
- Aasen tok dimed utgangspunkt i dei vestlandske målføra.
- Det ‘vestlandske draget’ i landsmålet var difor tilsikta.

# Det folk meiner og det Aasen skreiv – Oppsummering

- Mellom ‘folk flest’ er det ei vanleg oppfatning at Aasen tufta landsmålet på dei vestlandske målføra.
- I lærebøkene skriv dei at Aasen ikkje favoriserte mellom målføra.
- Det vestlandske draget i landsmålet skal vera ein utilsikta konsekvens av andre normprinsipp Aasen hadde.
- Aasen skriv at landsmålet skulle tuftast på eit par av dei beste målføra på Vestlandet.
- Det er eit mishøve mellom det lærebøkene skriv og det Aasen sjølv skreiv.
- Det er betre samsvar mellom Aasen og det ‘folk flest’ meiner.

# Kvifor dette mishøvet mellom lærebøkene og Aasen?

- Aasen endra syna si på normgrunnlaget for eit norsk landsmål.
- I 1836, då han var 22 år gamal, skreiv han eit stutt stykkje (som han aldri sende nokon stad) der han skreiv:
  - “Det er ikke min Hensigt hermed at fremhæve nogen enkelt af vore Dialekter; [Hovedsproget] skulde være en Sammenligning af, et Grundlag for dem Alle” (prenta i Syn og Segn 1909).
- Alle lærebøkene bortsett frå Nesse 2013 (d.e. 7 av 8 lærebøker) har med det sitatet.
- Ingen av lærebøkene siterer noko av det Aasen skriv om normgrunnlaget sitt 30 år seinare i *Norsk Grammatik*, då han hadde kome fram til den norma han ville ha.
- Mishøvet mellom lærebøkene og Aasen om normgrunnlaget for landsmålet kan difor koma av at lærebøkene har lagt større tyngd på det Aasen skreiv *før* han hadde kome fram til ei fast norm.

# Kva skal ein leggja til grunn når ein skriv om normgrunnlaget for landsmålet?

- Det er ingenstad der Aasen går meir i detalj om normgrunnlaget sitt enn i *Norsk Grammatik*.
- Sidan det var fyrst med *Norsk Grammatik* at Aasen hadde kome fram til den norma han ville ha, so vert det ein betre metode å leggja det han skriv der til grunn for ei utgreiing om normgrunnlaget for Aasen-landsmålet.
- Eg meiner difor at lærebokskrivarar *lyt* ta Aasen på ordet om normgrunnlaget sitt i *Norsk Grammatik*, og ikkje leggja til grunn det han skreiv lenge før han byrja å arbeida med norma si.

# Oppsummering

- Ivar Aasen hadde eit klårt prinsipp om at landsmålet skulle ta utgangspunkt i dei beste vestlandsmålføra.
- Lærebökene skriv at Aasen ikkje hadde eit slikt prinsipp.
- Dette mishøvet mellom lærebökene og Aasen kan koma av at dei har lagt større tyngd på det Aasen skreiv då han var ung og enno ikkje hadde byrja med landsmålsprosjektet sitt.
- Prinsippet til Aasen samsvarar difor betre med det ‘folk flest’ ofte seier om normgrunnlaget til nynorsken.